



JOSTEDALEN BREFØRARLAG AS
www.bfl.no



Rammevilkår

Støtta skal gå til tilretteleggande tiltak som skal gjere dei mest særøigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar. Vi ynskjer spesielt å legge til rette for at turisten kan vandre for å oppleve attraksjonar som bre, fjord, fjell, interessante tettstader og kulturattraksjonar.

Rolleavklaring

Prosjekteigar: Jostedalens Breførarlag AS

Prosjektleiar: TurApp AS

Om prosjektet

Prosjektet er avgrensa til Jotunheimen nasjonalpark og tek mål av seg å sette opplevingane til aktivitetsverksemdene på kartet. Prosjektet er i all hovudsak knytt til innhald- og pakketeringsarbeid saman med verksemdene. Sjå budsjett. Prosjektet har ingenting med drift av selskapet TurApp AS å gjera. Dette er eit pilotprosjekt der den tematiske ramma er Jotunheimen Nasjonalpark og arbeidet skal gjera særøigne attraksjonar meir tilgjengelege for turistar.

Budsjett

Posten *'Utvikling av nødvendig funksjonalitet basert på dialogen med verksemdene'* er nødvendig for å kunne kommunisere opplevingane på ein god måte.

Forankring

Prosjektet har brei forankring både hjå Nasjonalparken sitt offentlege forvaltningsorgan og verksemdene som driv med opplevingar i tilknytning til nasjonalparken. Av 27 verksemdar som er kontakta er det kun ei bedrift som ikkje er med vidare.

Klage

Jostedalens Breførarlag AS ønskjer å påklage avgjerda på følgjande grunnlag:

- Drift: Pilotprosjektet inneheld ikkje midlar til drift.
 - Aktivitetane i pilotprosjektet er innhaldsverkstader og innhaldsproduksjon som skal gjera attraksjonar og opplevingar meir tilgjengelege for turistar.
 - Resultatet er meir merksemd og fleire kommunikasjonsmoglegheiter kring opplevingane til verksemdene. Innhaldet kan verksemdene nytte der det er ønskeleg.
- Nyheitsgrad:
 - Pilotprosjektet er direkte knytt til rammevilkåra for utlysinga. Innhaldet som blir produsert må kommuniserast. Informasjon om gode opplevingar kan nyttast i mange kanalar. Vi meiner at digitale verktøy er den viktigaste kommunikasjonsflata ein har overfor nye tilreisande i dag og i framtida. Attraksjonane i fylket treng meir merksemd og vi ser ikkje heilt kvifor nyheitsgraden er ein del av vurderinga.